

Tilrår grensejustering

LEIKANGER: Rådmannen i Leikanger rår formannskapet å godkjenna, som eigar av gnr. 12 bnr. 158, grensejusteringa/makeskiftet med eigar av gnr. 12 bnr. 21 og 27. Dei makeskifta areala vert sette like i verdi. Eigar av gnr. 12 bnr. 21 og 27 ber omkostningane med gjennomføringa av saka, skriv rådmannen i tilrådinga.

Styrkjer vassdirektivet

LEIKANGER: Finansieringa av arbeidet med EU sitt vassdirektiv vert styrkt med ni millionar kroner i framlegget til statsbudsjett for 2012. Styrkinga skal gå til overvakinga av vassressursane, opprydding i vassdrag og andre øyremerkte tiltak og vil difor ikkje kome det lokale og regionale planarbeidet til gode, skriv fylkeskommunen.

God eigenkapital

LEIKANGER: Nettstaden Intrafish.no har gjort ein gjennomgang av rekneskapstala til alle oppdretts-selskap som omsette for over ti millionar kroner i 2010. 47 selskap hadde ein eigenkapital på over 50 prosent, og ni av desse høyrer heime i Sogn og Fjordane, skriv fylkeskommunen på heimesida.

Startar ombygging

ÅRDAL: Festsalen i samfunnshuset i Øvre Årdal skal renoverast. Ombyggingsarbeidet startar i haust, slik at i løpet av oktober vil festsalen bli stengd for alle former for bruk. Greier dei å halda framdriftsplanen for arbeidet, skal festsalen vera klar til bruk att om lag 1. mai 2012

Dalen mobiliserer mot utbyggjaren

■■ Innspurt i aksjonsnemnda ■■ Statkraft svarar rådmannen

LUSTER: Jostedalen mobiliserer mot Statkraft sine planar om å ta eit siste jafs av dalføret sin vassdragsnatur.

Dei har god støtte i rådmannen si innstilling til formannskapet.

Formannskapet

Saka skal handsamast i formannskapet i morgon, onsdag. Då skal dei folkevalde seia om dei er villege til å byta Jostedalens siste urørde vassdragsnatur mot kraftgiganten sitt tilbod.

Nei frå lokallag

Statkraft sitt bod på Vestsiddeelvane og Vigdøla blir frå mange hald karakterisert som ein provokasjon. Før helga hadde Jostedal Arbeiderlag konsesjonssøkte Vestsida/Vigdøla på dagsordenen. Fråsegna frå medlemsmøtet var krystallklar. Det heiter:

«Jostedal Arbeiderlag meiner Statkraft Energi AS ikkje bør få konsesjon for overføring av Vestsiddeelvane og heving av Tunsbergdalsdammen og utbygging av Vigdøla kraftverk som omsøkt».

Innstillinga

Arbeiderlaget i dalføret gjer det klart at dei stiller seg bak rådmann Tore Eriksen si innstilling. Rådmannen har i uvanleg klare ordelag rådd dei folkevalde til å venda tomme ned for Statkraft. Innstillinga stør seg på ein argumentasjon som tek opp i seg verknaden av den omsøkte utbygginga på vassdragsnaturen og på etablerte næringar, men også den økonomiske kompensasjonen, som av fleire vert karakterisert som eit skambod av «koloniale dimensjonar».

I går kveld hadde

Luster arbeidarparti medlemsmøte om Vestsiddeelvane og Vigdøla, også i Senterpartiet var den kontroversielle konsesjonssøknaden opp på medlemsmøte.

Frå før har Sogn og Fjordane Turlag gått sterkt i mot utbygging av Vestsiddeelvane og Vigdøla. I fråsegna heiter det: «Vestsiddeelvane omfattar åtte urørte elvar, me reknar dette inngrepet som det verste av dei to, men utbygginga av Vigdøla gjev også store ulemper.»

Statkraftsvar

Statkraft har i eit brev datert 7. oktober svart på rådmannsinntillinga.

Dette har i tur og orden blitt kommentert på aksjonsnemnda si heimeside. Motstandarane er ikkje mykje imponerte over giganten sitt innspel.

Bjørn André Skjæret, leiar i aksjonsnemnda, er glad for det tydelege språket frå rådmannen. – Han peiker på kor lite det er å henta økonomisk, men det er langt viktigare å fokusera på det faktum at me snakkar om det siste urørte av slik natur i dalføret.

Landskapsbiletet

– Reiselivet og næringane knytte til turismen generelt vil lida om Statkraft får høve til å byggja ut dei omsøkte vassdraga, seier Bjørn André Skjæret, og peiker på at inngrepa i Krundalen og på Myklemyr blir særleg synlege.

– Landskapsbiletet blir mykje endra, konstaterer leiaren i aksjonsnemnda, og ser med spenning på utfallet av partimøta framfor formannskapsmøtet onsdag.

Terje Eggum
terje.eggum@sognnavis.no



KRUNDALEN: Røykjedøla (biletet) og Tverrdøla, lenger framme, renn ned i Krundøla, hovudelva på biletet, dei to sideelvane skal etter Statkraft sin plan takast inn på nivå 540 meter.